

Slakteriet Brekke AS
Att:
Sognefjordvegen 47
5961 BREKKE

Vedtak om pålegg om miljøundersøking og uttak av rømt oppdrettsfisk frå vassdrag etter rømming ved Slakteriet Brekke AS sin lokalitet 13654 Instefjord

Bakgrunn

Vi visar til rømmingshending ved Slakteriet Brekke AS sin lokalitet 13654 Instefjord i Gulen kommune i Sogn og Fjordane. Hendinga vart meldt til Fiskeridirektoratet 16. september 2019.

Verksemda oppgir at laksen som rømte har ei snittvekt på 3.8 kg. Oppteljninga visar at omfanget av rømminga er ca 17 200 individ.

Slakteriet Brekke AS sette ut gjenfangstgarn etter at hendinga vart oppdaga. Fiskeridirektoratet gav 16. september pålegg om utvida gjenfangst i sjø. Gjenfangstområdet er Risnefjorden med ei ytre grense ved Ortneset i vest og Apestoda i aust.

Det er per 22. september 2019 gjenfanga 2345 oppdrettslaksar. Selskapet har her rekna med fangst meldt inn av privatpersonar.

Rettsleg grunnlag

Akvakulturlova § 10. *Miljønorm* fastset følgjande:

Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte.

Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift gi nærmere bestemmelser for å sikre miljømessig forsvarlig akvakultur, herunder stille krav til forebyggende tiltak, krav om

merking av akvatiske organismer, bruk av akvatiske organismer som ikke kan formere seg og bruk av fremmede organismer.

Akvakulturlova § 11. *Miljøovervåking* fastset vidare:

Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift kreve at den som har eller søker om akvakulturtillatelse skal foreta eller bekoste nødvendige miljøundersøkelser for å dokumentere miljøtilstanden innenfor lokalitetens influensområde ved etablering, drift og avvikling av akvakultur.

Miljøundersøkelser etter denne bestemmelsen kan blant annet omfatte undersøkelser for å klarlegge om og hvordan akvakulturvirksomheten forårsaker, har forårsaket eller kan forårsake påvirkning på miljøet.

Departementet kan gi forskrift om gebyr og avgift for gjennomføring av miljøundersøkelser i regi av det offentlige. Skyldig gebyr og avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.

Plikta til gjenfangst er regulert i § 13 i akvakulturlova, samt akvakulturdriftsforskrifta § 39. *Gjenfangst etter rømt fisk:*

Det skal straks foretas gjenfangst av fisk som er rømt. Gjenfangstplikten begrenses til sjøområdet inntil 500 meter fra anlegget og opphører når det er åpenbart at den rømte fisken ikke lenger befinner seg i dette området. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten.

Dersom mulighetene for å få gjenfanget rømt fisk tilsier det, kan Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Fylkesmannens miljøvernnavdeling utvide eller innskrenke gjenfangstpliktens omfang i tid og geografisk utstrekning.

Både oppstart og avslutning av gjenfangstfiske må meldes til Fiskeridirektoratets regionkontor og Fylkesmannens miljøvernnavdeling.

Det foreligger plikt til å ta imot egen fisk som lovlig blir fisket av andre i et område definert av Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Fylkesmannens miljøvernnavdeling.

Fiskeridirektoratets regionkontor kan frita for gjenfangstplikten ved rømt villfanget marin fisk og rømt settefisk.

Fiskeridirektoratet si vurdering

Rømt oppdrettslaks kan ved kjønnsmodning vandre opp i vassdrag og gyte saman med vill laks. Dette kan bidra til å redusere det genetiske særpreget og den tilpassing som lokale laksebestandar har til sitt vassdrag¹. I tillegg til genetisk innblanding er det òg knytt bekymring til mogleg spreining av sjukdomar og parasittar frå oppdrett til ville bestandar.

¹ Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2018. Fisken og havet, særnummer 1-2018.



I Sogn fins fleire vassdrag med små og middels store laksebestandar. Det er målt genetisk innblanding (introgresjon) i ei rekkje av desse bestandane². Indre Sognefjorden er ein nasjonal laksefjord med fem nasjonale laksevassdrag som skal ha særskild vern³: Vikja, Nærøydalselva, Flåmselva, Lærdalselva og Årøyelva.

Dei fleste vassdraga i indre Sogn har i dag svake bestandar av laks. 2019 har vore eit spesielt utfordrande år med lågt innsig av villaks, og under sesongen blei det innført ekstra avgrensing i fisket i fleire vassdrag.

Vi vil spesielt vise til det nasjonale laksevassdraget Flåmselvi som har ein særskild sårbar bestand som følge av rekonstruksjonsarbeid etter flaumen i 2014. Undersøkingar så langt i år har indikert eit svært lågt antall gytefisk. Ei anna viktig lakseelv, Lærdalselva, har vore gjennom ein svært krevjande reetableringsprosess etter behandling mot *Gyrodactylus salaris*, og har hatt ei dårleg bestandsutvikling dei seinare år.

I samband med revisjon av akvakulturlova i 2013 har myndigheitene fått moglegheit til å pålegge undersøkingar av områder som kan bli påverka av rømming. Endringane i lova vektlegg at «forureinar betalar»-prinsippet skal bli praktisert. Av dei reviderte forarbeida, Prop. 103 L (2012-2013), går det fram at:

Endringene i § 11 vedrørende miljøovervåking innebærer at myndighetene nå kan kreve miljøundersøkelser i et videre omfang enn tidligere, ved at dette kan kreves innenfor lokalitetens influensområde. Med influensområde menes områder som påvirkes av utslipp, rømming m. v. fra akvakulturvirksomheten.

Bestemmelsen bygger på samme prinsipp som naturmangfoldloven § 11, der det legges til grunn at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver. Det følger av Ot. prp. nr. 52 (2008-2009) om lov om forvaltning av naturens mangfold s. 382 at «Kostnader for å hindre eller begrense skade kan også være kostnader ved overvåking av miljøtilstanden der en tilatt virksomhet finner sted og som den kan ha effekt på.

Fiskeridirektoratet vurderer situasjonen slik at det er naudsynt å overvake fleire elvar i området før gytetida på hausten. Dersom det blir gjort observasjonar av rømt fisk i den aktuelle storleiken er det òg behov for å ta ut slik fisk frå elvane. Fiskeridirektoratet har i samband med denne vurderinga hatt dialog med Fylkesmannen i Vestland.

Saka er vurdert etter naturmangfoldloven §§ 8-12 slik det går fram av § 7. Desse heimlane er ikkje sjølvstendige heimlar for vedtak, men retningsliner som skal brukast ved vurderingar etter Fiskeridirektoratet sitt regelverk. Vi ser det slik at vurderingane som er gjort etter vårt sektorregelverk fell saman med vurderingane etter naturmangfoldlova.

² Anon. 2018. Klassifisering av tilstand i norske laksebestander 2010-2014. Temarapport nr 6, 75 s.

³ Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder. St.prp.nr.32 (2006-2007).



Fiskeridirektoratet vurderer kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8, som tilstrekkeleg til å sei at det er risiko for negativ påverknad på dei ville anadrome bestandane i området. Vi viser her til argument og referansar i avsnitta over. Tiltak etter føre-var prinsippet, § 9, er dermed ikkje relevant i denne saka. Vidare er vi bekymra for at situasjonen vil bidra til å auke den samla belastninga for desse bestandane, jf. naturmangfaldlova § 10. Tiltakshavar skal etter naturmangfaldlova § 11, og i tråd med vårt vedtak, bere kostnadene med å redusere skade. Fiskeridirektoratet legg til grunn at tiltaka for gjenfangst skal utførast av kvalifisert personell og på ein slik måte at villfisk vert skåna, jf. naturmangfaldlova § 12.

Unnlatt forhåndsvarsel

Vi visar her til § 16 første ledd i forvaltningslova: *Part som ikke allerede ved søknad eller på annen måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en nærmere angitt frist.*

Hovudregelen i forvaltningslova § 16 er at alle vedtak skal verte varsla før vedtak treffes. I denne saka vurderer Fiskeridirektoratet at det hastar svært med å planleggje og få sett i verk tiltak. Villaksen si gyteperiode i regionen strekkjer seg frå oktober og ut i desember. Den rømte fisken har ein storleik som gjer at den kan søkje mot, og opp i, vassdrag i området. Det er ikkje umogleg at ein andel av individa er kjønnsmodne. Hovudmålet med vedtaket er å få undersøkt om den rømte fisken vandrar opp i vassdraga, og å få satt i verk tiltak før dei eventuelt får gytt.

Forvaltningslova § 16 tredje ledd bokstav a sier følgende: Forhåndsvarsling kan unnlates dersom:

a) slik varsling ikke er praktisk mulig eller vil medføre fare for at vedtaket ikke kan gjennomføres

I denne saka vurderer Fiskeridirektoratet at det er så stor hast med å få sett i verk tiltaka at varsling av vedtaket kan unnlatast. Det kan elles vere fare for at den rømte fisken kan vandre opp, og gyte i, vassdraga.

Vedtak

Med heimel i akvakulturlova § § 10 og 11, vert Slakteriet Brekke AS pålagd å gjennomføre overvaking av rømt oppdrettslaks i følgjande vassdrag:

Vassdrag	Vassdragsnummer
Aurlandselva	072.Z
Brekkelva	069.31Z
Bøelva	080.4Z
Daleelva i Høyanger	079.Z
Flåmselva	072.2Z
Fortunselva	075.Z
Indredalselva	080.1Z



Lærdalselva	073.Z
Mørkridselva	075.4Z
Nærøydalselva	071.Z
Ortnevikselva	070.2Z
Sogndalselva	077.3Z
Vikja	070.Z
Ytredalselva	080.21Z
Årøyelva	077.Z

Overvakinga skal bidra til at det ikkje står fisk frå rømminga på lokalitet 13654 Instefjord i nemnde vassdrag under gyteperioda. Det skal velgjast metoder som er eigna for kvart vassdrag.

Ved observasjon av rømt fisk som med overvekt av sannsyn har rømt frå lokalitet 13654 Instefjord, skal det umiddelbart gjerast ei vurdering av utfiskingstiltak.

Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 39, andre ledd, blir Slakteriet Brekke AS pålagt å utvide gjenfangsten etter rømminga på lokalitet 13654 Instefjord. Pålegget gjeld dei vassdraga som er nemt over, dersom overvakinga visar at det er rømt oppdrettslaks av aktuell storleik til stade og det er praktisk mogleg å utføre gjenfangst.

Meir konkret om pålegga

- Plan for tiltaka skal avklarast med Fiskeridirektoratet før dei blir sett i verk. Frist for levering av plan er 1. oktober 2019. Iverksetting må skje raskt etter dette. Fiskeridirektoratet har dialog med Fylkesmannen i Vestland.
- Overvaking og tiltak i vassdraga skal utførast av kvalifisert personell og ein profesjonell instans skal vere fagleg ansvarleg.
- Det skal hentast inn naudsynte løyve frå Fylkesmannen i Vestland før tiltaka vert sett i verk.
- Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen skal haldast orientert undervegs.
- Det skal takast skjellprøver av rømt oppdrettslaks som vert fanga. Skjella skal lesast av kvalifisert personell for å verifisere om fisken er vill eller oppdrett.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport om overvaking og uttak når tiltaka er avslutta. Frist for innsending av sluttrapport er 15. februar 2020.
- Data frå overvaking og uttak skal også rapporterast til det nasjonale overvakingssystemet for rømt oppdrettslaks.

Klage

Det kan klagast på vedtaket, sjå vedlagte orientering. Frist for klage er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Nærings- og fiskeridepartementet er klageinstans i denne saka.



I medhald av forvaltningslova § 27 b vert det sett som vilkår for å reise søksmål at ein har nytta klageretten.

Bedrifta har, med heimel i forvaltningslova § 18, rett til å gjere seg kjent med dokument og opplysningar i saka, med dei unntak som følger av forvaltningslova § 19. Bedrifta kan kontakte Fiskeridirektoratet dersom dei ønsker å bruke denne retten.

Med helsing

Britt Leikvoll
seksjonssjef

Monika Haugland
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Slakteriet Brekke AS Sognefjordvegen 47 5961 BREKKE

Kopi til:

Fiskeridirektoratet Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Oppdrettsnæringens Sammenslutning For Utfisking Av Rømt Oppdrettsfisk	Nordre Nøstekaien 1	5011	BERGEN

Vedlegg

Klageskjema

